



Smartcon AS
Ytrebygdsvegen 37
5251 SØREIDGREND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/9830 - 20/34398

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2020

Foreløpig svar med trong for opplysningar gbnr 134/141 Hilland

Tiltak: Svømmebasseng
Byggjestad: Gbnr: 134/141
Tiltakshavar: Tom Helge Larsen
Ansvarleg søkjar: Smartcon AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.05.20.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonssøknad frå byggjegrense mot sjøen etter PBL §1-8 skal sendast inn.
2. Samtykke frå eigar av gbnr 134/8 for plassering av tiltaket på avstand 0,6 meter frå tilbygg med dato og signatur skal sendast inn, alternativt kan det søkjast dispensasjon frå PBL §29-4 avstandskrav for plassering på under 4 meter.
3. Søknad om utsepp for gråvatn frå basseng skal sendast inn. Det står i vedtaket frå samferdsel- veg-, vatn og avløpsforvaltning, datert 12.05.20 i sak 20/8823 at det må søkjast om utseppsløyve sidan klorvatn frå bassenget ikkje skal førast til kommunalt avløpssystem, men til sjøen via overvassleidningar.
4. Både dispensasjon og utsepp skal nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsmønstering vert sendt inn samla innan 09.07.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tom Helge Larsen

Gangstøvegen 20

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Smartcon AS

Ytrebygdsvegen 37

5251

SØREIDGREND